

# FOSSILE LANDSKAP / FOSSIL LANDSCAPES



Funnstad for øks frå steinalder /  
Finding place of axe from the Stone Age

Gravhaug frå bronsealder /  
Burial mound from the Bronze Age.

Steingard frå folkevandringstid /  
Stone wall from the Iron Age.

Alvedans / stakkstuft,  
truleg frå mellomalder /  
Site of haystack, probably  
from the Middle Ages.

Tyske krigsminne /  
Ruins of German fortifications from World War II.

Hustuft frå folkevandringstid /  
House foundations from the Iron Age.

Kilt Stein, ca 1920 /  
Split stone, ca 1920.

Steingard eldre enn 1870, vølt ca 1925 /  
Stone wall, pre 1870, repaired ca 1925.

Gravhaug frå folkevandringstid /  
Burial mound from the Iron Age.

Steingard ca 1939 /  
Stone wall, ca 1939.

Planteskog, ca 1945 /  
Plantation forestry, ca 1945.

Audamotland,  
gardhus frå 1700-talet /  
Farm buildings  
from the 1700's.



Vegfår, truleg frå mellomalder /  
Track, probably from the Middle Ages.

Rydningsrøys frå folkevandringstid /  
Clearance cairn from the Iron Age.

Skyttargrav tidleg dette hundreåret /  
Shooting range from early this century.

Åker frå mellomalder /  
Cultivated field from the Middle Ages.

Tuft av skyttarhus, tidleg 1900-tal /  
House foundation from early this century.

## ■ FOSSILE LANDSKAP

Landskapet framfor oss kan ved første augekast sjå ut som eit naturleg landskap, med få spor etter menneske. Men istida sine kaotiske og steinrike morenehaugar innehold likevel mange synlege spor etter jordbruksverksamhet gjennom minst 3000 år. Det er ikkje mange stein i landskapet som ikkje hender har flytta på. Stein har blitt rydda i mange tusen år. Stein har blitt nytta som byggemateriale. Sjølv om steinane i dag er overgrødde, kan vi sjå strukturane, ofte som linjer i landskapet. Trefirke som har blitt nytta til byggverk, er for lengst rotna bort. Også plantelivet fortel om tidlegare former for bruk av området. Området kan oppfattast som mange fossile kulturlandskap frå ulike tider, der nyare kulturspor kryssar og ligg oppå eldre kulturspor. Ein må berre vite litt om kva ein skal sjå etter!

## FOSSIL LANDSCAPES

At first glance the landscape in front of us might seem to be an entirely natural one, with very few traces of human influence. However, the apparently chaotic areas of boulders and moraine material do in fact have many visible signs of man's agricultural endeavours through the last 3000 years. Barely a stone lies untouched. For thousands of years stones have been moved and used as building materials. Even though many of the stones are today overgrown it is still possible to see the signs of old structures - as lines in the landscape. Any wooden construction materials have long since

rotted away. The flora also tells us a lot about earlier utilisation of the area. The landscape can be seen as a series of "fossil" cultural landscapes from earlier periods, with the more recent traces lying on top of and covering the older ones. One only needs to know what to look for!

## ■ KVA SER VI FRAMFOR OSS?

Det er få stader ein har slik spennvidde i synlege kulturminne som her på Kvia og Audamotland. Her ligg ruinar etter store installasjoner frå 2. verdskriga ved siden av 3000 år gamle, mektige gravhaugar. Her ligg hustufter og gravhaugar frå jernalder som steinrøysar i bakkane. Vegfår og steingardar frå meir enn tusen år tilbake kryssar landskapet i alle retningar. Særleg spennande er det at det innanfor eit lite område finst spor som syner endring i plasseringa av hus og utvikling i systemet av steingardar.

## WHAT CAN WE SEE HERE?

There are very few places which have so many visible cultural remains as there are here at Kvia and Audamotland. The ruins of large German defensive installations, dating from World War II, lie side by side with 3000 year old burial mounds. Here the foundations of Iron Age houses and burial mounds lie like stone hummocks on the slopes. The remnants of roadways and stone walls, built over the last thousand years, criss-cross the landscape. It is particularly exciting to find that even within such a small area, there

are traces which show how the sites of the houses have been changed and the systems of stone walls have developed.

## ■ UTMARK OG BEITE

Liknande spor har dei fleste andre stader på Jæren blitt fjerna ved moderne jordbruksdrift. På desse to gardsbruka har jorda vore nytta som beitemark heilt opp til våre dagar. Ingen maskin har rydda jorda for stein. Beitedyr har hindra skog i å dekka landskapet. Dei fossile landskapa ligg derfor mest urørte

## OUTLYING FIELDS AND GRAZING PASTURES

On the rest of Jæren cultural landscapes such as this one have mostly been eradicated by the use of modern agricultural methods. On these two farms the land has been used for stock grazing right up until the present day. No mechanical stone clearance has been done here and grazing stock has hindered forest regeneration. The fossil landscapes thus lie virtually undisturbed.

## ■ FRÅ LYNGHEI TIL GRASMARK

Etter at dei store eikeskogane forsvann frå Jæren for snart 3000 år sidan, har store delar av landskapet vore lyngmark som husdyra kunne beita året rundt. Bruk av kunstgjødsel og husdyrgjødsel dei aller siste ti-åra har erstatta lyngen med gras. Heilt sør i Kviamarka ligg det igjen ei rest med lynghei, det er det største gjenvarte lynghei-området på heile Låg-Jæren.

## FROM HEATH LANDS TO GRASSLANDS

The enormous areas of oak forest disappeared from the Jæren landscape about 3000 years ago and since then much of the area has become heath land, suitable for all year round grazing. In recent years the use of fertilizer and farmyard manure has changed heath lands into grasslands. In the most southerly part of Kviamarka lies a remnant of heath land. It is the largest area of such heath land in the whole of the Low-Jæren region.

## ■ JORDBRUKSLANDSKAPET OG JÆRMUSEET

Jærmuseet skal dokumentera og formidle den teknologiske utviklinga i norsk jordbruk det siste hundreåret. Dei synlege linjene i landskapet kring Jærmuseet frå eldre driftsformar vil gje djup og dimensjon til moderne jordbruksdrift på Jæren i dag.

## THE AGRICULTURAL LANDSCAPE AND THE JÆRMUSEUM

The task of the Jærmuseum is to document and present the technological developments that have been made in Norwegian agriculture over the last hundred years. There is an interesting contrast between the traces of older agricultural systems to be seen around the Museum buildings and the modern agriculture of today's Jæren.

## ■ FRILUFTSOMRÅDE OG INFORMASJON

På grunn av området sine kulturhistoriske kvalitetar og nærleiken til Jærmuseet, blei området innkjøpt av Hå kommune i 1991 og vidaresolgt til staten med midlar frå Riksantikvaren og Direktoratet for Naturforvalting. Området blir no lagt tilrette for allmenta, slik at flest mogleg skal kunne få oppleve dei kulturhistoriske kvalitetane i "Hanabergsmarka". Turvegar, merka stiar og informasjonstavler skal hjelpe folk til større oppleveling, samstundes som desse ingrepa er freista gjorde så lite dominerande som mogleg.

## THE OUTDOOR RECREATIONAL AREA AND SOME GENERAL INFORMATION

Because of the area's outstanding cultural historic sites and also because of its proximity to the Jærmuseum, the State, with the help of funds from the Directorates of Cultural Heritage and Nature Management purchased the area in 1994. It is now open to the general public and the hope is that as many people as possible will experience what this area of "Hanabergsmarka" has to offer in the way of cultural history. Pathways, marked footpaths and information boards are designed to enhance public appreciation of this area. These intrusions into the natural landscape have been made as inconspicuous as possible.



# EIT MANGFALD AV GAMLE SPOR

## A VARIETY OF TRACES FROM ANCIENT TIMES



Gravhaug frå jernalder, 350 - 550 e. Kr f. Nokre er runde, andre er avlange.  
Burial mound from the Iron Age, 350-550 A.D. Some are circular, some oblong in shape.



To hustufter og geil frå jernalder, 350-550 e.Kr. Restar av dei ytre steinveggane er synlege. Ingen spor er lenger synlege etter indre treveggar, takbærande bjelkar eller taket. Geilen førde husdyra mellom fjøsdelen i det lengste huset og beitemarka. The foundations from two Iron Age long houses, 350-550 A.D. The remains of the outer stone walls are still visible. There are no traces of wooden internal walls, rafters or roofs. A double stone wall (called "geil" in Norwegian) helped to guide the livestock from their quarters in the longest house to the grazing pastures.



Steingardar frå jernalder, 350-550 e.Kr.f. Gardane skilde innmarka (åker og eng nær husa) frå utmarka (der husdyra beita). Idag er gardane utrasa og nedgrødde med grastorv. Stein frå desse gamle gardane blei nytta opp att i nyare gardar.  
Stone walls from the Iron Age, 350-550 A.D. The walls divided the fields that lay near the houses from the outlying pastures where the livestock grazed. The walls have now tumbled down and are now overgrown with turf. Stones from these old walls have been taken and used to build up new walls.

Vegfør, truleg frå mellomalder. Vegen batt saman Kvía og Audamotland. Stein vart rydda til sida, - dei er idag nedgrødde av grastorv.  
Track or roadway, probably dating from the Middle Ages. This was the roadway which connected the two farms, Kvía and Audamotland. Stones were cleared to the sides and today are overgrown with turf.



Gravhaug frå bronsealder, 1500-500 f. Kr.f. Steinhaugen har vore dekka av ei jordkappe som seinare er fjerna.  
Burial mound from the Bronze Age, 1500-500 B.C. The structures have originally been covered with earth, but this has been removed and used for improving the soil of the fields.



Stakktuft, ofte kalla "alvedans", truleg frå mellomalder. Innafor grøfta blei gras eller lyng tørka til vinterfør.

The site of a haystack, often known as an "elf-dance", probably dating from the Middle Ages. Inside the ditch grass and heather were dried for winter fodder.



Klauhauane, ringforma tunanlegg med 17-18 hustufter av stein kring ein oval plass. Husa har vore av tre og stein. Landsby eller forsvarsanlegg? Var i bruk i jernalder frå ca år 0 til ca 700 e.Kr.f.

Klauhauane, an area of 17-18 stone house foundations, forming two half circles. The houses were made of wood and stone. Was this a farming village or was it built like this for defensive purposes? It was in use during the Iron Age, ( 0-700 A.D.).



Steinar kilt med meisel tidleg på 1900-talet. Brukt t.d. til fint lødde husmurar og til stativ for vindmaskin.

Stones split with a chisel in the early 1900's. These would have been used for building house walls and the base structures of windmills.



Tuft av skyttarhus frå tidleg 1900-tal. Skytebanen blei nytta av privat skyttarlag. Skytemåla var 100, 200 m, 400m og 600 m, den siste ligg inne i skogen. Foundations of building, used for shooting practice, from the early 1900's. The remnants of a private shooting range. Targets were at 100 m, 200 m, 400 m and 600 m, the latter located in the woods.



Tyske brakkefundament frå 2. verdskrigen. The foundations of German barracks from World War II.

### Forminne (eldre enn 1536) Cultural heritage remains, pre 1536 A.D.

- Funnestad for stridsøks / Finding place of axe
- Funnestad for flintavslag / Finding place of flint
- Gravhaug / gravrøys / Burial mound
- Rydningsrøys / Clearance cairn
- Alvedans / stakktuft / Site of a haystack
- Hustufter / House foundations
- Steingard / Stone wall
- Tingstein / Ting stone
- Gammalt vegfår / Ancient roadway

### Krigsminne / Ruins from World War II.

- Minebelte/piggrådsperrre / Mine field and barbed wire
- △ Maskingeværstilling / Artillery positions
- ▲ Kanonstillingar / Artillery positions
- Brakkefundament / Foundations of barracks
- Bunkers / Bunker
- Brønn / Well
- Radar / Radar
- // Jernbane-spor / Railway track
- Skog / Forest
- Myr / Bog



# LANDSKAPET ENDRAR SEG LANDSCAPE CHANGES

Menneskeinngrep har endra kulturlandskapet over tid. Dei viktigaste trekka i denne utviklinga er freista illustrert ved kart-teikningar frå 7 ulike periodar, slik vi tenkjer oss det kan ha sett ut. Forholdet mellom skog og ope land byggjer på pollen-undersøkingar frå Bø. Rydding av skog for trevirke, husbygging og beiteland og seinare oppdyrkning har endra plantelivet og landskapet dramatisk. Fysiske inngrep som hus, steingardar, vegar, krigsanlegg m.m. gir detaljar i landskapet. Karta inneheld berre dei elementa vi idag har kunnskap om, mange spor frå fortida er nok usynlege eller viska bort.


Under the influence of man the cultural landscape has changed over the course of time. The map drawings illustrate 7 different periods and are indicative of the main trends and changes that took place. This is how we think the landscape may have looked. The relationship between forest and open lands has been established using the results of pollen analysis from Bø. The clearing of forests for lumber, house building and to create grazing land - as well as later clearing for cultivation - has dramatically changed both the landscape and flora. Structures such as houses, stone walls, roads, military installations etc, all make up the details of the landscape. The map shows only those things about which we have knowledge at present. Many traces from the past are either not visible or has simply been erased over the years.



Turveg /  
Pathway



Informasjonstavle /  
Information board



## STEINALDER, CA 4000 ÅR SIDAN

Varmt og tørt klima. Lauvskog med bjørk, eik, alm, lind, hassel og litt furu dekker det småkuperte landskapet. Jeger- og sankargrupper nyttar ressursane i området. Dei har ikkje sett varige spor etter seg i landskapet. Nokre menneske har starta med fehald, og dei har lagt igjen ei flott båtforma "stridsøks" av diabas i Hanabergsmarka.

## STONE AGE, CA 4000 YEARS AGO.

Warm and dry climate. Deciduous forest with birch, oak, elm, lime, hazel and some pine cover the hillocky, undulating landscape. The area is utilised by small groups of hunters and gatherers. They have left no visible traces on the landscape. Some people begin to keep livestock and in Hanabergsmarka they left behind them a beautiful, boat shaped, dolerite axe.



### BRONSEALDER, CA 3000 ÅR SIDAN

Delar av skogen er opna opp og jorda blir dyrka. Flintavslag er funne over eit større område. Husdyr beitar. På høgdedraga ligg mektige gravhaugar, med vidt utsyn. Usikkert kor gardstuna har lege. Godt og varmt verlag. Tørt.

### BRONZE AGE, CA 3000 YEARS AGO.

Some of the forests are cleared and the ground cultivated. Chippings from the working of flint have been found over a wide area. Domestic animals graze. On the hill tops, which command wide views, lie impressive burial mounds. It is not possible to be sure where the farm steeds were located. The climate is favourable - warm and dry.



### JERNALDER, ÅR 0.

Skogen må vike for beiteområde med lyng som vanlegaste plante. Bjørk og or dominerer over eik og hassel. Fuktig og kjøleg klima får myrar og torv til å veksa. 17-18 hustufter ligg samla kring eit felles tun med ei hustuft i midten.

### IRON AGE, YEAR 0.

The forests diminish as the heather dominated grazing areas extend. Birch and alder are more dominant than oak and hazel. Marshes and peat bogs increase in size as a result of the cold, wet climate. 17 - 18 houses are sited around a central yard.




### JERNALDER, ÅR 400 E.KR

Ope beitelandskap med gras og lyng. Fleire frittliggande gardstun er omkransa av lange steingardar som skil utmarksbeite frå den rydda innmarka. Gravhaugar ligg ofte nær inntil hustuftene. Verlaget er kortvarig betre.

### IRON AGE, 400 A.D.

Rough grazing land with heather and grasses. Several independently situated farmsteads are surrounded by stone walls which separate the outlying pastures from the cleared fields near the dwellings. Burial mounds are often positioned near to the houses. There is a temporary climatic improvement.



### MELLOMALDER, ÅR 1200 E.KR

Ope beitelandskap med lyng og gras. Mange stakkuftufter fortel om fôrhenting i utmarka. Fleire innhegningar og nye steingardar tyder på endra driftsmønster. Ein gammal holveg knyttar Audamotland-tunet i nord saman med Kvia i sør. Tingstein på Kvia tyder på sentralfunksjon.

### MIDDLE AGES, 1200 A.D.

Rough grazing land with heather and grasses. The many haystack sites indicate the importance of gathering in winter fodder. Stone walled enclosures and new stone walls suggest new farming systems being practised. A sunken roadway links the farms of Audamotland in the north to Kvia in the south. The site of a thing or ting stone suggests the importance of Kvia's central position.



## 1800 - 1900-TAL

Etter Svartedauden ligg fleire av gardsbrukena øyde. Audamotlandstunet blir truleg tatt opp igjen på 1600-talet. Trelaust landskap. Lyngmarkene gir vinterbeite. Torvmyrane gir brensel. Nokre av dei gamle steingardane blir vølte og retta ut. Nye steingardar blir lagde opp, først av bærbare steinar. Etter at steinbukken blir vanleg frå 1910, blir også større steinar flytta. Med kiler blir mange store steinar sprengde til fine blokker. Restane ligg att i marka. Kvar del av marka er navngjeven. I 1878 blir jernbanen lagd over Kviamarka. Smiene på Audamotland er kjende over heile Jæren. Privat skyttarbane nær skiftet mellom dei to brukna.

## 1800 - 1900 A.D.

After the Black Death many of the farmsteads fall into disrepair. The farm of Audamotland is most probably taken back into use in the 1600's. A landscape devoid of trees. The heath lands provide winter grazing. The peat bogs provide fuel for burning. Some of the old stone walls are repaired and straightened. New walls are erected, initially using stones that could be shifted by hand. In the 1920's it becomes more usual to use a hoist and it then becomes possible to use larger stones. Wedges are used to split large rocks into excellent building stones. The remains lie out in the fields. All the fields and pastures have names. The railway line is built across the farm at Kvia in 1878. The smithies at Audamotland are famous throughout Jæren. A private shooting range lies near the boundary between the two farms.



## 1945

Under 2. verdskriga nyttar tyskarane toppen på Hanaberget til eit strategisk viktig forsvarverk med m.a. radar, ulike kanonar, bunkerar og brakker. Heile toppen er avsperra med miner og piggråd. Sør i marka ligg ein brakkeleir for minst 300 mann. Det blir laga fleire sidespor frå Sørlandsbanen for å frakta fire franske jernbanekanonar inn i området. Like etter freden i 1945 blir det meste av "Kvia-leiren" demontert. Skog som vern mot vinden blir planta rundt 2. verdskriga.

## 1945

During World War II the Germans make the hilltop at Hanaberget into an important defensive area with radar, various guns, bunkers and barracks. The entire hilltop is surrounded by mines and barbed wire. In the southern part of the area lie barracks for at least 300 men. Several branch lines are laid from the main railway, specifically to bring 4 French "railway-guns" into the area. Most of the defensive installations are dismantled soon after peace was declared in 1945. Trees are planted as windbreaks at around the time of World War II.



# NATUREN I HANABERGSMARKA

## NATURE AT HANABERGSMARKA

### TRE OG PLANTAR

#### TREES AND PLANTS

Hanabergsmarka er i dag stort sett eit ope beiteområde med grasmark, lysthei og noko myr. Det er nokre få, små teigar med skog:

### PLANTESKOG

#### PLANTATION WOODLANDS

med gran i Sudabergsbrotet i nordaust og i sørvest. Desse blei planta rundt 2. verdskriegen. Granen veks raskt i vårt milde og fuktige klima. Skogen blir tett og tillet ingen botnvegetasjon. Skogbotnen veks av aukande mengde strøfall.

**PLANTESKOG** med mykje norsk furu like aust for myra. Denne skogen er planta tidleg i mellomkrigstida.

### KALVAHAGEN,

(like sørvest for skiltstava). Dette skog-holtet gir ly for både folk og fe. Her er det stor variasjon i treslag:

#### Rogn-Raudn/Rowan

Det mest jærske av alle treslag. Rogn er eit nøyamt (lite krevjande) tre som likar seg både på skrinn og god jord. Dessutan tåler ho det opne og vindharde landskapet godt. Bladet er samansett av mange småblad. Det kan sitje heile sju par småblad på rekke. I mai byrjar dei kvite blomane å springa ut og i august blir dei røde bæra mogne. Rogn blir lett spreidd med gråtrast og andre fuglar som likar dei sure fruktene.



#### Eik/Oak

Eika var ein gong eit vanleg treslag på Jæren. Eika kan bli gammal og høg, med tjukk skrukkete bark. Det er to artar, sommareik og vintereik. Lenger sør i Europa blommer dei til ulik tid. Dei kryssar seg derfor lite og er to godt skilde artar. Hjå oss blommer dei på same tid og kryssar seg slik at artane ofte er vanskelege å skilja.



#### Bjørk/Birch

Vanleg bjørk har håra årsskot. Blada er ganske små, mørkegrønne og blanke. Borken er kvit med svarte flekker og stripa.



### Platanlønn

#### Plane-Tree Maple

Platanlønna veks i dei fleste edel-lauvkogar på Jæren. Ho spreier seg lett frå innplanta tre i hagar og alléar. Den spesielle forma på fruktene har gjort dei til morsame leiketøy for borna, - dei kan festast på nasen som ei lita venge.



### Hestekastanje

#### Horse Chestnut

Hestekastanja veks ikkje vilt i Noreg, men blir planta som parktre. Blada er samansette av fleire småblad. Dei er store of spisse rogn-liknande blada. Blomane er små og svartfiolette og kjem alt i mai, - før blada.



### OPEN MARK/OPEN FIELDS.

Grasmarka i området blir kalla kulturbete og har oppstått ved at lystheia er kalka og gjødsla. Vanlege artar i marka her no er:



#### Vanleg rylik

#### Yarrow

Rylliken likar seg i beitemark og blomer frå juli til september. Blada er smale og har mange flikar. Øvst på stilken sit blomene i ein kvast. Rylliken kan bli nestan ein halv meter høg. Han har vore mykje nyttig som medisin.



#### Selje/Willow

#### Meadow fescue

Engrapp er eit fleirårig tuet gras med ein glis-sen topp som gjerne er sterkt farga på solsida. Engrappen er eit viktig førgras som blomer frå mai til juli.



#### Gulaks

#### Sweet Vernal Grass

Gulaks er eit fleirårig tuet gras som gulner tidleg på sommaren og får sterkt god lukt. Gulakset kan bli 25 cm høgt.



#### Hyll/Elder

Vi har to hyllearter på Jæren, raudhyll med røde bær og svarthyll med svarte. Raudhyll og svarthyll er ofta 2-4 m høge buskar og i dag er begge vanlege langs steingardar og i skogholte. Mange trur raudhyll-bæra er giftige, men det er frøskala som inneheld blåsyre.



### Markfrytle

#### Field Woodrush

Markfrytle er særstundt vanlig, men lite kjent på Jæren. Ho er ca 10 cm høg, med opprette strå og små brune blomster i runde hovud. Markfrytla blømer frå april til juni og veks på tørre og solfylte bakkar.



### Vestlandsraukolle

#### Western Norwegian Red cow

Vestlandsraukolla var den vanlege kua på Sørvestlandet før 1960. Ho er ein del mindre enn NRF kua. Reven jaktar om natten og han er ein altetar.



men han finn også godt vern og fine hit i storsteina terren. Sommarpelsen er helst mørk gulbrun, mens vinterpelsen er meir rødlig. Haletippen er altid kvit.

Reven jaktar om natten og han er ein altetar.



### Rådyr/Roe deer

#### Roe deer

Rådyret kom til Jæren under eller like etter 2. verdskrigen. Den likar seg i grenseområdet mellom skog og open mark. Rådyret si sommar-


pelsen er rødbrun på oversida og gulbrun på undersida. Vinterpelsen er meir gråbrun. Halen er særstundt kort og under halen er det alltid ein kvit flekk som dyra synes fram ved fare.

Bukken har eit lite gevir. Berre ungane har kvite flekkar. Rådyr kan gjera stor skade på plantefelt. Dei beitar tidleg på morgenen og om kvelden.

### Elg /Elk

#### Elk

Elgen er helst eit stredyrt i Jærbymarka. Han likar seg best i skogen



Pelsen er grålig. Labbane har så lange graveklør at avtrykka på våt jord kan sjå ut som ei barnehand. Som andre mårdyr har den stinkkjertlar på bakkroppen.

Grevlingen lever av insekt, makk, snegler, mus og andre smådyr.

### Hare/Hare

#### Hare

Jærharen har gjort Jæren kjent, ikkje berre i Noreg, men utanfor landegrensene. Vinterpelsen til Jærharen har ein iaugefaldlanda blågrå farge, mens haren vanlegvis har snøkvit vinterpels. Ved naturleg utval over tid har Jærharen fått ei vernefarge som passer til landskapet med lite snø.



### Rev/Fox

#### Fox


Reven likar seg vanlegvis best i skogkan-



### Spoven

#### Curlew


Den langbeinte og langnebbastorspoven er ein temmelig vanleg hekkefugl på Jæren. Ho / han har reir på bakken, ofte i ei tue i utmarka eller i ei myr. Det vanlege er 4 egg, -olivengrøne med brunlege flekker.



### Lerka/Lark

#### Lark

Lerka varsler vår og sommar når ho står stille i lufta og synger sine triller.



Ho legg reiret som ei grop i marka, godt kamuflert. Ho har ofte to eggkull i løpet av sommaren. Dei tre-fem gråbrune egg er overstrødd med brunlege flekkar.

Lerka trekker om vinteren til Mellom-Europa, men mange individ overvintrar på Jæren.

### Enkeltbekkasen

#### Mekregauken

Mekregauken sitt spel under flukt er karakteristisk. Fuglen slipp seg i skrattstup med dei ytterste halefjæra sprikande som då lagar ei mekrande lyd. Enkeltbekkasen legg rede på bakken med 4 brungrøne, mørkflekkete egg.





# VELKOMEN PÅ TUR I HANABERGSMARKA! HAPPY HIKING IN HANABERGSMARKA!

## KVA VIL SKJE I TIDA FRAMOVER? WHAT WILL HAPPEN IN THE FUTURE?

### ■ GRUSA TURVEGAR

Det er laga ein plan for grusa turvegar langs yttergrensa av heile Hanabergsmarka. Dette er planlagt gjort i 1996.

### MADE UP PATHS.

A plan has been drawn up to establish made up pathways or tracks all around the outer boundaries of Hanabergsmarka. This should be completed during 1996.

### ■ MERKA TURSTIAR

Utanom dei grusa turvegane vil det bli merka turstiar fram til nokre av kulturminna.

### MARKED TRAILS OR PATHS.

In addition to the made up paths there will also be marked trails or paths leading to some of the sites of cultural interest.

### ■ GAMLE DYRERASAR

Kviagarden vil etterkvart ha gamle husdyrasar på beite i marka.

### RARE BREED OF ANIMALS.

Eventually Kvia farm will have rare breeds of animals grazing its pastures.

### ■ GAMMAL JORDBRUKSDRIFT

Små område skal etterkvart prøvedrivast etter jordbruksmetodar frå 1950, 1850, mellomalder, jernalder og bronsealder. Annan skjøtsel, t.d. utarming av jorda for å få tilbake lynghei, kan bli aktuelt. Det arbeides med planar for å rekonstruera einskilde bygninger over tid.

### OLD AGRICULTURAL METHODS

The intention is to cultivate experimental plots of land using agricultural methods from the 1950's, 1850, the Middle Ages, the Iron Age and the Bronze Age. Other management which is being considered is to "starve" the land in order to re-create heath lands. Plans are afoot to reconstruct various buildings from different periods.

### ■ ARKEOLOGISKE UNDERSØKINGAR

Arkeologisk museum i Stavanger vil frå 1996 og framover drive små utgravingar som er opne for publikum.

### ■ ARCHEOLOGICAL RESEARCH.

From 1996 the Archaeological Museum in Stavanger will be working on small excavations on sites. These will be open to the public.

### ■ FAKTA-ARK

Det skal lagas fleire fordjupande faktaark om kulturminna i Hanabergsmarka for dei meir nyfikne.

### INFORMATION SHEETS.

For those requiring specialist knowledge, "in depth" information sheets are going to be prepared about the cultural sites at Hanabergsmarka.

### ■ NATURLOSTURAR

Jærmuseet tilbyr Naturlostur i Hanabergsmarka. Naturlosane vil kunne gjera kulturlandskapet meir levande for dei som sökjer meir enn skriftleg kunnskap.

### GUIDED NATURE WALKS

The Jærmuseet offers guided "nature walks" in Hanabergsmarka. These are intended to "bring alive" the landscape for those who want more than just written information.

### ■ AKTIVITETSDAGER

Kvart år i mai vil det arrangerast ein kulturminnedag. Kvart år i september vil det arrangerast ein natur- og friluftsdag.

### ACTIVITY DAYS

A cultural-heritage day will be held each year in May. Each September there will be an outdoor and environmental day.

### ■ GRUNNEIGAR

Staten ved Direktoratet for Naturforvalting er eigar av kulturminne- og friluftsområdet Hanabergsmarka på Kvia og Audamotland. Fylkesmannen i Rogaland v/ miljøvernavdelinga representar eigaren på fylkesnivå.

### THE PROPERTY OWNERS.

The outdoor recreational areas and the cultural sites at Hanabergsmarka - are owned by the Directorate for Nature Management. The head of Rogaland County Council's Environment Department is the local representative.

Me håper du har glede av området!

Ved å følge desse reglane kan du halde dette unike området i hevd:  
Welcome to some walks in Hanabergsmarka!  
We hope that you really enjoy the area. May we ask you to please observe the following rules:



### HUND

Det er derverre ikkje tillate med hund i Hanabergsmarka. Husdyra på beite er ikkje vane med hundar. Sjølv om hundane er i band, blir sau og lam lett skremde. Hugs at sauene gjer ein viktig jobb som gartnarar i Hanabergsmarka, - dei held kulturlandskapet vedlike etter gammal tradisjon. I tillegg kan kyr og ungdyr bli meir interessert i hunden din enn du vil lika!


### DOGS

Regretfully no dogs are allowed in this area. The grazing sheep are not used to dogs and even if the dogs are kept on leads the sheep and lambs can very easily take fright and flee! Remember that the sheep have the important job of being the "gardeners of Hanabergsmarka". They help to maintain the cultural landscape's traditional appearance. Also bear in mind the fact that the cattle and young animals might take a greater interest in your dog than you would wish!




### SJA OPP! SJA NED!

Når du går utanom turvegane, vis vanleg omsyn til beitedyr, planteliv og gjerde. Hold avstand til dyr som kviler. Vær obs på fugleier om våren!




### WATCH OUT!

When you are walking anywhere other than on the made up tracks, please show consideration for the grazing animals, plants, walls and fences. Please keep your distance from resting animals. In the spring keep a good look out for bird's nests on the ground.



### LITTER

There are litter bins positioned at the entrance to the area. Please use them! We hope that it will not become necessary to place litter bins out in the landscape itself.




### BARBECUING AREAS

There are a few barbecue areas set up for you to use. You can buy charcoal and sausages at the Jærmuseet. Please show respect for the flora and fauna around the barbecue areas, and remember, fires are dangerous! Please make sure that the fire is put out completely before you leave the area. Please remember to take all your litter home with you.



### BENCHES

A few benches are placed along the way - for those needing to rest their feet a while!



### RASTEPLASSAR

Det er sett ut nokre grillar, der det er mogleg å laga seg varm mat. Grillkol og grillmat kan du kjøpa på Jærmuseet. Vis omsyn til naturen rundt grillane, eld er farleg! Forviss deg om at elden er sløkt før du forlet grillen. Vær vennleg å ta med soppel heim.



### PRAKTISK FORVALTAR AV OMråDET

Hå kommune og grunneigar har inntil vidare det daglege tilsynet med området. Har du noko å mela frå om, vær vennleg å kontakta: Hå kommune v/ miljøvernsef: tlf. 51436000. Fylkesmannen i Rogaland, miljøvern-avdelinga: tlf. 51568900

### PRACTICAL DAILY ADMINISTRATION OF THE AREA:

As of now and in the foreseeable future, Hå Council and the land owner have the day to day responsibility for the area. If you have any comments about the area, please get in touch with: Hå Council, Head of the Environment Department. Tel. 51436000. Rogaland County Council, Head of the Environment Department. Tel. 51568900

